



SAKSHANDSAMAR
Unni Grønn

VÅR REF.
09/00227-7

ARK. B - Bygninger
320 (Skodje) Skodje - MR

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
04.06.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

Skodjebruene gnr. 27 bnr. 89 og 90, gnr. 28 bnr. 1, gnr. 31 bnr. 5 og 9, Skodje kommune. Vedtak om fredning med heimel i lov om kulturminne §§ 15 og 19 jf. § 22

Vi syner til forslag til fredning for Skodjebruene gnr. 27 bnr. 89 og 90, gnr. 28 bnr.1, gnr.31 bnr. 5 og 9 i Skodje kommune dagsett 08.06.2010 som har vore på høyring hjå aktuelle partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

Vedtak:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 §15 og § 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren Skodjebruene gnr. 27 bnr. 89 og 90, gnr. 28 bnr.1, gnr. 31 bnr. 5 og 9 i Skodje kommune.


Omfanget av fredinga

Fredinga etter § 15 omfattar følgjande objekt:

- *Heggestraumen bru, brunummer 15-0193, verneplan 148 c, Askeladden ID 120490-2*
- *Storestraumen bru, Skodjebrua, brunummer 15-0205, verneplan 148 b, Askeladden ID 120490-1*
- *Tunnel gjennom Kasholmen, verneplan 148 d, Askeladden ID 120490-3*
- *Veganlegg som vist på kart, del av Rv 661, Askeladden ID 120490-4*

Fredinga omfattar heile vegens bredde med støttemurar, stabbesteinar og rekkverk.

Fredinga etter § 19 omfattar et område rundt kulturminna, merka av på kartet nedanfor. Innanfor dette området, nord for Storestraumen, ligg steinbrudd og restar av bygningar frå perioden då bruene var bygd..



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å ta vare på Skodjebrauene som eit teknisk og arkitektonisk avansert bruanelegg frå starten av 1900-talet.

Formålet med fredinga er også å ta vare på kulturhistorisk verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til anlegget.

Formålet med fredinga av området er å sikre kulturminne knytt til anleggstida, som steinbrudd og brakketufter. Kulturminna er viktige i det dei viser korleis eit slikt anlegg vart til på starten av 1900-talet.

Formålet med fredinga av området er og å sikre verknaden av kulturminnet i naturmiljøet gjennom å oppretthalde området sin karakter av utmark med skog, svaberg og strandlinje og å sikre vitenskaplege interesser som knyter seg til kulturminnet.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med fredinga sitt formål og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

1. *Det er ikkje tillate å endre eller rive det freda anlegget (brukonstruksjonane, tunnelen, veganlegget).*
2. *Forandring eller utskifting av bruene sine berekonstruksjonar, overflatematerialar og ulike detaljar, samt anna arbeid som går utover reint vedlikehald, er ikkje tillate. Det same gjeld forandring eller utskifting av hovudform, materialbruk og detaljar på tunnelen og veganlegget. Unntatt frå dette er endringar av omsyn til trafikksikkerheit og tilbakeføringar jfr. punkt 4. Tiltak skal godkjennast av fovaltningensmynda.*
3. *Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med tradisjonelle materialar og metodar i tråd med anlegget sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.*
4. *Tilbakeføringar til opphavleg eller tidligare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå forvaltingsmynda.*

Område § 19

5. *Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter, øydeleggje for opplevinga av det freda anlegget, eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld endring eller riving av steinbruddet eller brakketuftene, alle former for bygging, anlegg eller utviding av veg, parkeringsplass eller stiar, oppsetting av gjerder og skilt, endring av plantning, belysning eller belegg, grøfte og gravearbeid, bakkeplanering, uttak av masser eller andre inngrep i landskapet.*

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus, anlegg og områder vert det visa til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21, samt ovanfor nemnte fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova må i tillegg leggjast fram for kommunale myndigheiter. Ein gjer merksam på at løyver etter kulturminnelova må liggje føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

Vedlikehald

Det er eigaren som har ansvaret for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre elementa og detaljer. Vedlikehald av freda anlegg skal så langt som råd skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegna. For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda kulturminner, vert det vist til Riksantikvaren sine informasjonsblad. www.riksantikvaren.no/publikasjoner/informasjonsark.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a og § 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan setjast i verk, ev. på visse vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen likeeins kontaktas.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Tankar om å byggje bru over Skodjestraumen vart lansert av vegdirektør Hans Hagerup Krag i 1892. Planane vart utarbeidd av overingeniør Nils Olav Hovdenak ved vegkontoret i Molde. Bruanlegget skulle bli ein del av vegsambandet Rødset - Sjøholt. Arbeidet på vegen tok til hausten 1911, og på sjølve bruanlegget noko seinare. Skodjebruene stod ferdig i 1919, og vegen vart opna i 1922.

Anlegget består av følgjande element. Bru over Storestraumen med spenn på ca 75 meter, fordelt på eit hovudspenn på 57 meter og to sidespenn kvar på 9 meter. Veg på ei oppmura fylling over Storeholmen, ei bru over Heggestraumen, med spenn på ca 40 meter og ein tunnel gjennom Kasholmen (Straumsholmen), 100 meter lang og 4 meter brei. Høgda over havet er 18 meter på vanleg flo sjø,

Da Skodjebruanlegget sto ferdig i 1919 var det det største mura bruanlegget av sitt slag i Norden..

For nærare beskriving av kulturminnet vert det vist til vedlagt dokumentasjon.

Vurdering av kulturminnet — grunngeving for fredingsforslaget

Fylkeskommunens vurdering av kulturminnet

Fylkeskommunen leg vekt på at Skodjebruene har arkitektonisk verdi og kulturhistorisk interesse som eit godt bevart døme på bruanlegg frå starten av 1900-talet. Anlegget representerar ingeniørkunst av ypperste klasse. I kraft av elegante lineføringar og den vel gjennomtenkte materialbruken og detaljeringa er Skodjebruene også arkitektur av høg kvalitet. Anlegget har kulturhistorisk verdi som viktig kapittel i Sunnmøre si samferdselshistorie. Med unntak av dei nemnde seinare, styrkande tilføyningane har anlegget fått behalde si opphavlege utforming både i hovudform, materialbruk og detaljering, noko som gjer at Skodjebruene har høg antikvarisk verdi. Skodjebruene er særst vakre, både i seg sjølv og slik dei ligg i landskapet. Det som gjer dette

bruanlegget ekstra interessant er at ein har å gjere med ein bevart heilskap beståande av bruer, tunnel og veg plassert i eit særst vakkert landskap. Ved bevaring bør ein derfor også leggje stor vekt på å bevare heile anlegget som ei eining, og samstundes i størst mogleg grad skåne dei nærmaste omgjevnadane for uheldige inngrep. Opplevinga av dette anlegget i høve til naturen rundt er særst viktig.

Riksantikvaren si vurdering av kulturminnet

Riksantikvaren slutter seg fullt ut til Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering av Skodjebruene sitt verde. Bruene har arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Skodjebruene syner behovet for godt vegsamband i ei tid då vegen vart alt viktigare i samferdselssamanheng. Bruene syner tidens beste ingeniørkunst og er viktige både i arkitektonisk og teknisk samanheng. Til tross for enkelte forsterkingar er bruanlegget i stor grad opphavelig. Tunnelen gjennom Kasholmen er den fyrste i fylket.

Det vart utarbeid verneplan for veger, buer og vegrelaterte kulturminne i statleg eie i 2002. Føremålet med planen er å frede et representativt utval som syner viktige drag av veg og brubyggingas historie i Noreg. Skodjebruene er her omtalt som særst viktige i nasjonal samanheng.

Skodjebruene ligg i et landskap som gjer spesielle utfordringar når ein skal føre fram en veg. Sammenhengen mellom bruanlegga og landskapet forsterkar ytterligere anlegget si avanserte ingeniørkunst.

Riksantikvaren si mynde

Det følger av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følger vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller vitskapelege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven av 9. februar 1979 § 12 nr.1.

Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsstatus

Bruanlegget går over Storestraumen og Heggstraumen, som bind saman Ellingsøyfjorden og Skodjevika i Skodje kommune.

Statens Vegvesen står oppført som eigar av sjølve veg-, tunnel- og bruanlegget. Området rundt som inngår i fredinga er eigd av:

Gbnr. 27/89,90: Møre og Romsdal fylkeskommune

Gbnr. 28/1: Ole Ivar Strømmen

Gbnr. 31/5: Egil Grindvik

Gbnr. 31/9: Arne Liljevold

Heile fredingsområdet, med unntak av ein liten del i nordvestre hjørne, er i dag regulert til spesialområde kulturminnevern, sjø/land. Reguleringsplan ID R 26.9.2000. Delen i nordvestre hjørne ligg utanfor planområdet og er uregulert.

Konsekvensar av fredinga for naturmangfaldet

Prinsippa i lov om naturmangfald av 19. juni 2009 nr 100 §§ 1-12 skal leggas til grunn ved offentlig utøving av mynde som rører ved naturmangfaldet. Riksantikvaren har søkt i basane Artskart og Naturbasen til Miljødirektoratet for å få fram naudsynt kunnskap for si avgjerd. Innanfor areal som er merka som freda på kart side 1 er det ikkje registrera sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrera særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Riksantikvaren kan difor ikkje sjå at fredinga vil influera på naturmangfaldet i negativ meining.

Bakgrunn for fredinga

Fredinga har bakgrunn i samarbeid mellom Miljøverndepartementet (nå Klima- og miljødepartementet) og Riksantikvaren om freding av eit representativt utval bygningar og anna type arkitektur (deriblant bruanlegg) frå det 20. hundreåret. Prosjektet er i tråd med Europarådet si tilråding No R (91) 13 og innebar ei ny erkjenning av at også denne kategori arkitektur er ein del av vår felles kulturarv. Europarådet si tilråding oppmodar om å bevare breidda innanfor arkitekturen, og ikkje berre dei velkjente arkitekturmonumenta. Utveljinga skulle spegle ulike funksjonar, materialar og konstruksjonar, stil og form.

Det opphævelege varselet om oppstart av fredingssak vart sendt ut 12.02.1994. Endeleg forslag om freding vart lagt fram for kulturutvalet i skriv datert 28.09.1994. Kulturutvalet vedtok at det stilte seg positivt til fredingsforslaget. Møre og Romsdal fylkeskommune fann deretter å måtte utsetje vidare handsaming av fredingsforslaget på grunn av uvisse knytt til planar om ny bru over Skodjestraumen. Ny bru var seinare planlagt og bygd i nær dialog med fylkeskommunen, og ein fann fram til løysingar som vart freista tilpasse kulturminnemiljøet rundt Skodjebruene. Saka vart teke opp att i 2009.

Utgreiing av saksgang og innkomne fråsegn

Varsel om igangsetjing av freding jf. kml § 22.1

Varsel om igangsetjing av fredingssaka vart sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune til eigarane og kommunen i brev av 20.01.2009. Varsel vart likeeins sendt til Sunnmøre museum, Fortidsminneforeininga og Møre og Romsdal fylkeskommune. Samstundes vart det kunngjort i avisene Sunnmørsposten og Nytt i uka at fredingssak var sett i gang.

Det vart gitt ein frist på 3 veker for å komme med merknader til fredingsvarselet. Det kom inn ein fråsegn.

Innkomne fråsegn til varsel om freding

Ein fråsegn kom inn frå Statens Vegvesen, Sunnmøre distrikt, i brev av 11.02.2009. Vegvesenet ser positivt på at fredingssaka no er teke opp att. Dei har ingen særskilte synspunkt på avgrensinga av fredingsområdet. Sidan den gamle vegsløyfa framleis er å rekne som riksveg står Statens Vegvesen framleis som eigar av vegen. Dei gjer merksam på at eigartilhøvet for anlegget vil bli vurdert i samband med omgjerjing av "øvrigte riksvegar" til fylkesvegar frå 01.01.2010. Når det gjeld rehabilitering av anlegget har dei von om at dei i løpet av 2009 skal få klarlagt korleis dei kan stoppe forfallet og sikre bruene for framtida. Vegvesenet har dei seinare åra arbeidd mykje med freding av vegrelaterte kulturminner. I arbeidet har dei utarbeidd forvaltingsplanar for verneobjekta. Dei ynskjer at fredinga av Skodjebruene også skal fylgjast av ein forvaltingsplan der ein presiserer kva som kan gjerast både med sjølve veganlegget og med omkringliggjande areal.

Friluftsrådet for Ålesund og omland sendte i samband med varsling om freding brev til Skodje kommune om å opprette sikringssak for å sikre området som friluftsområde.

Fylkeskommunen sin vurdering av innkomne fråsegn til varsel om freding

Fylkeskommunen skriv i sine kommentarar til fråseggen at dei ikkje har kapasitet eller har rette kompetanse til å utarbeide ein forvaltingsplan for bruanelegget, slik han er skissert i frå vegvesenet. Fylkeskommunen ynskjer at Statens Vegvesen sjølv kan lage ein forvaltingsplan som vidare kan leggast fram for fylkeskonservatoren for godkjenning.

Når det gjeld Friluftsrådets brev til Skodje kommune kommenterer fylkeskommunen at formålet med å freda området kml § 19 er å sikre opplevinga av kulturminnet som del av eit naturmiljø, og å verne om vitskaplege interesser som knyter seg til det. Det vil fortsatt vere moglig å nytte området som friluftsområde. Bruken må skje i samsvar med fredingsføresegnene som seier at det ikkje må setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan endre området sin karakter, øydeleggje for opplevinga av det freda anlegget, eller skade restane etter anleggsområdet, eller på annan måte motverke formålet med fredinga.

Forslag om freding jf kml § 22.2

Fylkeskommunen utforma eit forslag om freding som vart sendt på høyring 08.06.2010 til eigarar, kommune og fylkeskommune, Sunnmøre Museum og Fortidsminneforeninga, avd. Sunnmøre. Samstundes vart saka lagt ut til offentlig ettersyn. Det vart gitt 6 vekers frist til innsending av fråsegn til forslaget.

Innkomne fråsegn til forslag om freding

Det kom det inn to fråsegn:

Statens Vegvesen si fråsegn i brev av 09.08. 2010.

Dei meiner det kan vurderast om det bør takas med i fredingsføresegnene at drift og vedlikehald av strekninga kan skje på vanleg måte. Dette må òg gjelde nødvendige tiltak knytt til eventuell framtidig utbetring av vegstrekninga.

Dei meiner og at det må vera tema i ein forvaltningsplan i kva grad Skodjebruene bør tilbakeførast til opphavleg utsjånad. Det refereras til Statens vegvesenen sitt brev av 27.08.2004 til Møre og Romsdal fylkeskommune der det er nemnd tiltak som kan gjennomførast for å tilbakeføre anlegget i opphavleg stand.

Sunnmøre museum er i brev av 29.06.2010 samd i Møre og Romsdal fylkeskommune sin vurdering av kulturminnet, og støtter såleis framlegget om freding.

Fylkeskommunen sin vurdering av innkomne fråsegn til forslag om freding

Fylkeskommunen syner til fredingsføresegn punkt 3 som seier at alt vedlikehald og istandsetjing skal skje med tradisjonelle materialar og metodar i tråd med anlegget si eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane. Fylkeskommunen ynskjer å halde fast ved dette.

Fylkeskommunen vurderer òg at tilbakeføring av kulturminnet er langt utanfor vanleg vedlikehald og det kan difor ikkje gå inn i ein forvaltningsplan. Tilbakeføring krev særskilt godkjenning, jfr fredingsføresegn punkt 4.

Skodje kommune sin handsaming av forslaget jf klm § 22.3

Forslag om freding samt alle innkomne fråsegner til høyringsforslaget vart 13.7.2011 sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Skodje kommune for politisk handsaming i kommunestyret.

Skodje kommunestyre fatta samrøystes 20.09.2010 følgjande vedtak:

1. Vedtak om å støtte merknadene i uttalen frå Statens Vegvesen av 9.8.2010, spesielt behovet for ein forvaltningsplan.
2. Vedtak om å støtte forslaget frå Friluftsrådet for Ålesund og Omland av 26.1.2009 om å opprette sikringsak for å sikre området som friluftsområde.

Fylkeskommunen sin vurdering av Skodje kommune sitt vedtak

Fylkeskommunen ser positivt på utarbeiding av forvaltningsplan, men syner til tidlegare uttale om at det er Statens vegvesen sitt ansvar. Dei syner og til sin uttale til Friluftsrådet og syner til føremålet med området er å sikre området karakter og vitskaplege interesser. Det vil fortsatt vere moglig å nytte området som friluftsområde.

Politisk handsaming i Hovudutval for kultur, Møre og Romsdal fylkeskommune

Fredingssaka for Skodjebruene var til politisk handsaming i fylkeskommunen 9.6.2010. Det vart gjort følgjande vedtak:

Kulturutvalet stiller seg positivt til fylkeskultursjefen sitt forslag om å frede Skodjebruene, gbnr 28/1-7 pg 31/1-2-5-9, Skodje kommune.

Fredingssak for Skodjebruene vart send Riksantikvaren for endelig handsaming 06.12.2011.

Riksantikvaren si handsaming

Riksantikvaren er lei for at handsaminga av fredingssaka har tatt lang tid.

I samband med saka har Riksantikvaren bede om opplysningar om istandsettingsarbeidet som er utført på bruene etter at fredingssaka starta. Vi har motteke dokumentasjon frå firmaet Consolvo A/S. Dei fekk i oppdrag frå Statens Vegvesen Region Midt å gjere greie for skader, foreslå tiltak og gjennomføre arbeida. Dette vart gjennomført i perioden 2012-2013.

Arbeida vart utførde i samsvar med fylkeskommunen sine retningslinjer.

Følgjande arbeid er utført

- Skifta ut øydelagd teglstein og fuge i murkonstruksjonen;
 - Ny membran oppe på hovudkvelva for å hindre fuktgjennomtrenging;
 - Membran under asfalten på køyrebanen;
 - Utbedra fundament ved fot av kvelv;
 - Lagt ny asfalt;
 - Fjerna tidlegare autovern. Lagt nytt støypejarnsrekkverk med påmonterte pleksiglassplater på brua som vern mot å falle gjennom rekkverket;
 - Nytt smijarnsrekkverk av enklare type på toppen av stabbesteinane på vegstrekninga.
- Statens vegvesen har gjennomført eit omfattande og imponerande arbeid. Heile anlegget er nå i god stand. Veganlegget er i dag avstengd for biltrafikk.

Riksantikvaren har avgrensa det freda området slik at det ikkje omfattar gnr. 28 bnr. 7 og gnr. 31 bnr. 1 og 2. Det er ein sær sars liten justering som ikkje har betydning for å sikre verknaden av kulturminnet i naturmiljøet.

Riksantikvaren støtter fylkeskommunen sine vurderingar i saka.

Også når det gjeld andre merknader som er komne i høyringa, er Riksantikvaren samd i fylkeskommunens vurderingar. Riksantikvaren finn såleis at grunnlaget for å vedta freding er til stades. Skodjebruane er eit sær viktig kulturminne. Bruanlegget er føreslege freda i Statens Vegvesen sin verneplan for «Bruer, veger og vegrelaterte kulturminne». Det er stor semje om at bruanlegget skal fredast.

Opplysning om klagehøve og tinglysing

Fredingsvedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men må sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Fredingsvedtake vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Kosonen Geiran
avdelingsdirektør

Vedlegg: 1

Kopi til: Fortidsminneforeningen, Sunnmøre avdeling, Postboks 114 SEntrum, 6001
Ålesund/ Norsk vegmuseum, Statens vegvesen - Vegdirektoratet, pb 8142 Dep, 0033 OSLO/
Sunnmøre Museum, Pb 6607 Hatlane, 6024 ÅLESUND

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Arne Liljevold			6265 VATNE
Ole Ivar Strømmen			6260 SKODJE
Egil Grindvik		Grindvik	6260 SKODJE
Møre og Romsdal fylkeskommune		Fylkeshuset, Julsundveien 9	6404 MOLDE
Skodje kommune		Rådhuset	6260 SKODJE
Statens vegvesen - Region midt		Fylkeshuset	6404 MOLDE